

Møteprotokoll

Utval: Stølsheimen verneområdestyre
Møtestad: E-post, Fjordsentert Aurland
Dato: 27.06.2013
Tidspunkt: 12:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Marta Finden Halset	Leder	VIK
Hans Erik Ringkjøb	Nestleder	VOSS
Karen Marie Hjelmeseter	Medlem	SFFK
Oddvar Østerbø	Medlem	HØY
Knut Moe	Medlem	MODA

Merknadar

Møtet vart gjennomført med svar på e-post.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Sekretær

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 25/13	Godkjenning av innkalling og dagsorden		

ST 26/13

Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til
bygging av utedo på stølen Vatnane

2013/2557



Arkivsaksnr: 2013/2557-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 25.06.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	26/13	27.06.2013

Stølsheimen landskapsvernombord - løyve til bygging av utedo på stølen Vatnane

Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre gjev grunneigarane på Vatnane og Bergen Turlag løyve til å setja opp utedo på stølen Vatnane.

Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernombord pkt. VI nr. 2, og gjeld med følgjande vilkår:

- Bygget skal plasserast som vist på kart vedlagt søknad og som tidlegare vist på synfaring saman med naturoppsyn Nils Kvamme.
- Bygget skal tilpassast terrenget. Den skal setjast opp etter tradisjonell byggeskikk.
- Storleiken på bygget skal vera omlag 1,30 meter x 1,40 meter. Høgde på framsida av utedoen kan vera inntil 2,20 meter og inntil 1,60 meter i bakkant.
- Taket skal vera skråtak, og kan tekkast med torv. Det skal nyttast vanleg bordkledning på utedoen.
- Bygningsrestar og avfall skal fjernast straks byggearbeide er ferdig.
- Det skal sendast rapport til sekretariatet når arbeidet er slutført.

Me gjer merksam på at dette løyvet berre er behandla etter verneforskrifta. Ta kontakt med Vik kommune for vurdering etter plan- og bygningslova.

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 27.06.2013

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre gjev grunneigarane på Vatnane og Bergen Turlag løyve til å setja opp utedo på stølen Vatnane.

Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde pkt. VI nr. 2, og gjeld med følgjande vilkår:

- Bygget skal plasserast som vist på kart vedlagt søknad og som tidlegare vist på synfaring saman med naturoppsyn Nils Kvamme.
- Bygget skal tilpassast terrenget. Den skal setjast opp etter tradisjonell byggeskikk.
- Storleiken på bygget skal vera omlag 1,30 meter x 1,40 meter. Høgde på framsida av utedoen kan vera inntil 2,20 meter og inntil 1,60 meter i bakkant.
- Taket skal vera skråtak, og kan tekkast med torv. Det skal nyttast vanleg bordkledning på utedoen.
- Bygningsrestar og avfall skal fjernast straks byggearbeide er ferdig.
- Det skal sendast rapport til sekretariatet når arbeidet er slutført.

Me gjer merksam på at dette løyvet berre er behandla etter verneforskrifta. Ta kontakt med Vik kommune for vurdering etter plan- og bygningslova.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om byggeløyve for felles utedo på stølen Vatnane, datert 17.06.13

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde mars 1998
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Spor etter stølsdrift i Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 4-2011.

Grunneigarane på stølen Vatnane og Bergen turlag søker om å få setja opp felles utedo på Vatnane. Grunneigarane på stølen og Bergen Turlag har skriftleg avtale om oppsett, bruk og vedlikehald av utedoen. Vedlagt søknaden ligg teikning av utedoen, og kart med avmerkt plassering.

Vatnane er fjellstølen til bruken på Nese i Arnafjorden. Det er registrert 6 bygningar på stølen, der 5 av bygningane er stølshus og eit bygg er hytte. Bergen Turlag har avtale om bruk av eit av selan til turisthytte. Bygningane er teke godt vare på, og selbøen er godt beita (Stølsrapporten nr. 4-2011). Det er ikkje utedo som eige bygg på stølen i dag.

Lovgrunnlaget

Eit av føremålet med vern av Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på «*..kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske*» jf. pkt. III i verneforskrifta. Det er forbod mot inngrep som kan endre landskapets art eller karakter jf. pkt IV nr. 1, men verneområdestyret kan gje løyve til «*Oppføring av*

gjetarhytter, buer og naust, og andre bygg i samband med landbruksdrift, tilpassa tradisjonelt bygningsmiljø på staden.» jf. pkt. VI nr. 2.

Vurdering

Fleire av grunneigarane har sauver på beite i området, og nyttar stølen i samband med tilsyn av dyr på beite. Stølen vert nytta i fritidssamanheng i tillegg til landbruksdrift. Felles utedo vil vera eit godt tiltak på stølen for å unngå tilgrising av stølsområdet. Med tilrådd utforminga av bygget, og plasseringa som er valt, meiner forvaltar utedoen ikkje vil endra landskapsbildet vesentleg. Løyve til utedoen er innan for det som forvaltninga kan gje løyve til etter verneforskrifta pkt. VI nr. 2.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka. Kunnskapsgrunnlaget jf. naturmangfaldlova § 8 er vurdert på bakgrunn av kunnskapen som er kjent gjennom forvaltningsplan for Stølsheimen og rapportar om stølar i Stølsheimen (rapport nr. 5 Fylkeskonservatoren i Hordaland) og Stølsrapporten (rapport nr. 4 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane). Stølane i Stølsheimen hadde frå gamalt av ikkje eige bygg til utedo, men i nyare tid er det gjeve løyve til oppføring av utedo på mange av stølane. Ut frå registreringar og bildedokumentasjon er byggetradisjonen i området godt kjent. Den vanlegaste utforminga på utedoane er bygg med skråtak. Kunnskapsgrunnlaget vert vurdert som godt for å vurdera saka, og førevar-prinsippet er tillagt liten vekt.

Bygningsmiljøet på Vatnane er bra ivareteke. Ein felles utedo på stølen vil medføra ein liten endring i stølsmiljøet. Bygget skal ha ein plassering på stølsbøen som passar inn i stølsmiljøet. Plassering på Vatnane er fastsett av grunneigar Ola Engum og naturoppsyn Nils Kvamme når dei var på synfaring på stølen. Det er sett vilkår om utforming av bygget. Den samla belastninga på stølen jf. naturmangfaldlova § 10 vert vurdert som akseptabel.

Det er ikkje venta at bygget vil føra til miljøforringing av området, og naturmangfaldlova § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka. Byggearbeidet føregår etter lokal byggeskikk. Dette er byggemetodar som er tilpassa naturen og miljøet, og er vurdert som miljøforsvarlege teknikkar jf. § 12. Materiala til bygget vert frakta opp på stølen med helikopter.

Konklusjon

På bakgrunn av vurderingar etter verneforskrifta og naturmangfaldlova meiner forvaltar det kan gjevast løyve til bygging av utedo på stølen Vatnane.